



Sunnfjord kommune

[postmottak@sunnfjord.kommune.no](mailto:postmottak@sunnfjord.kommune.no)

Saksnummer: 20/16465

Førde, 08.04.2022

Dette brevet er sendt av Forum for natur og friluftsliv (FNF) på vegne av sine tilslutta organisasjonar, DNT Sogn og Fjordane Turlag, Fjordane Friluftsråd, Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen, Fortidsminneforeningen avd. Sogn og Fjordane, Gloppen Padleklubb, Klatreklubbane ved Sogndal klatreklubb, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane, Birdlife Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane krets av Norges Speiderforbund, Sogndal dykkarklubb, Sognefjorden Vel

## Kartlagde og verdsette friluftsområde i Sunnfjord kommune

Fråsegn frå FNF Sogn og Fjordane

Veldig gledeleg å sjå at det endeleg har blitt kartlagt kva friluftsområde som finst i Sunnfjord Kommune og kva verdiar desse har for innbyggjarane. Dette er eit ekstremt viktig datagrunnlag for kunnskap om naturen og rekreasjonsområde vi har tilgjengelege i kommunen, og viktig for seinare konsekvensutredningar. Spesielt positivt er det å sjå at Sunnfjord kommune har kartlagt såpass store områder.

FNF Sogn og Fjordane vil likevel påpeike viktigheitene av at alle områder som faktisk blir brukt til rekreasjon og fritidsaktivitetar blir med i denne kartlegginga. Dette fordi denne kartlegginga vil danne datagrunnlaget for seinare konsekvensutredningar i kommunen, og det vil virke mot sin hensikt å ikkje inkludere relevante områder.

Eit slikt område er Engebøfjellet - til vår kjennskap det mest brukte friluftsområdet i ytre del av kommunen. Her er det kartlagt store områder langs Førdefjorden, og sjølv Fardalen, som har blir merka med låg aktivitet (iflg. Kartlegginga), er med i datagrunnlaget. Det er ikkje Engebøfjellet, Engjabødalen og Kyrkjehaugane. Her er det ein lett tilgjengeleg traktor- og anleggsveg opp til Engebø og turen ligg tilgjengeleg for folk på Sjekk UT appen hjå DNT. Det er også mogleg å bruke området til rekreasjon utan denne vegen. Derfor er det rart at området er utelete kartlegginga.

Det kan ikkje vere slik at områder passande for friluftsliv ikkje blir teke med i kartlegginga, fordi det ikkje passar inn i andre planer ein måtte ha for området.



Områder som blir lite brukt, men som er passande rekreasjonsområde bør også vere med. Det kan vere mangel på kunnskap hjå folk som gjer at gode områder ikkje blir brukt. På denne måten er kartlegginga med på å formidle kva områder som eignar seg for fritidsaktivitetar for folk i Sunnfjord kommune.

FNF Sfj vil oppmode om å vere nøye på å kartleggje strandsona. Det er ikkje mykje strandsona i Sunnfjord kommune, mykje terreng er for bratt å ferdast i og mykje er allereie bygd ut. Men den strandsona vi har, er av nasjonal betydning og skal forvaltast slik at miljøverdiar og allmenne interesser tas vare på<sup>1</sup>. Område langs Førdefjorden og vassdraga er viktige friluftsområde der det er viktig å bruke lokalkunnskapar i form av grendalag eller andre lokalkjende, til å få god oversikt over bruken av relevante friluftsområde som bør inkluderast i datagrunnlaget.

Vi ber om at lokalkunnskap får bli med vidare i prosessen og at vi og våre tilslutta organisasjonar får medverke vidare.

Venleg helsing

**Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane**

*Ket Fossen*

---

Ket Fossen  
Koordinator  
FNF Sogn og Fjordane

---

<sup>1</sup><https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/miljohensyn-i-arealplanlegging/strandsone/strandsone-i-arealplanlegging/>